



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1049 - 17/25159

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2017

Mellombels bruksløyve for veg - gbnr 137/28 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 405/17

Tiltakshavar: Reigstad Bygg og Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at delar av tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 09.06.2016.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at tiltaket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Mellombels bruksløyve gjeld delar av veg KV01 med fortau fram til tomt BFS1, dvs om lag fram til pel 50. Følgjande arbeid står att: Resterande vegareal fram til seks-mannsbustaden.
Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 31.12.2017

Det vert elles vist til søknad motteken 16.08.2017.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Delar av veg KV01 med fortau fram til tomt BFS1, dvs om lag fram til pel 50

VEDTAK



Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for delar av veg på gbnr 137/28 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld fylgjande del av tiltaket: KV01 med fortau fram til tomt BFS1
2. Ferdigattest skal liggja føre innan 31.12.2017.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1049

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Osterfjordvegen 5914
124

ISDALSTØ

Mottakarar:
Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN